Vedlegg 8 – Klima- og miljøkrav

1. Generelt

Klima- og miljøkrava i dette vedlegget er bindande kontraktskrav og skal vere inkluderte i tilbydd pris.

Krava gjeld totalentreprenøren og relevante underleverandørar som medverkar til gjennomføringa av kontrakten.

Totalentreprenøren er ansvarleg for å planleggje, gjennomføre og dokumentere arbeidet slik at krava i dette vedlegget vert oppfylte.

Det skal ikkje leverast særskild dokumentasjon på oppfylling av krava saman med tilbodet, med mindre anna går fram av konkurransegrunnlaget. Ved levering av tilbod stadfestar leverandøren at krava er forstått og inkluderte i tilbodet.

1.1 Vurdering etter anskaffingslova § 5 b

Oppdragsgjevaren har vurdert bruk av klima- og miljøomsyn som tildelingskriterium med minimum 30 prosent vekting, jf. anskaffingslova § 5 b andre ledd.

Etter ei konkret vurdering av anskaffinga er det lagt til grunn at bindande klima- og miljøkrav i dette vedlegget, som er ein del av kravspesifikasjonen, samla vil gi betre klima- og miljøeffekt enn konkurranse gjennom tildelingskriterium.

Dei vesentlegaste miljøbelastningane i prosjektet er knytte til materialbruk og ombruk, avfall frå rive- og byggearbeida og transport/logistikk til og frå Kinn. Hovudløysinga og dei sentrale materialvala er i stor grad fastlagde gjennom konkurransedokumenta, og handlingsrommet for å premiere vesentleg betre miljøløysingar gjennom tildelingskriterium er derfor avgrensa.

Krava i dette vedlegget sikrar mellom anna ombruk av eksisterande skifer, eit fast minimumsnivå for sortering av bygg- og riveavfall, dokumentert berekraftig trevirke og planlegging og samordning av transport og logistikk. Krava gjeld alle tilbydarar og kan ikkje fråvikast eller vegast opp av lågare pris. Oppdragsgjevaren vurderer derfor at desse bindande krava gir ein betre og meir føreseieleg klima- og miljøeffekt enn bruk av klima- og miljøomsyn som tildelingskriterium.

2. Miljøoppfølging

Før fysisk oppstart på byggeplassen skal totalentreprenøren leggje fram ei kort miljøoppfølgingsplan for prosjektet.

Planen skal som minimum beskrive:

- ansvar for oppfølging av klima- og miljøkrava
- planlagt ombruk av eksisterande skifer
- avfallshandtering og sortering
- transport og logistikk til og frå Kinn
- korleis dokumentasjonskrava i dette vedlegget skal følgjast opp.

Planen skal haldast oppdatert dersom det skjer vesentlege endringar i gjennomføringa.

3. Ombruk av eksisterande skifer

Eksisterande skifer som etter demontering og sortering er teknisk eigna for vidare bruk, skal ombrukast i det nye bygget.

Skiferen skal demonterast skånsamt, sorterast, transporterast og lagrast på ein måte som tek vare på kvaliteten og legg til rette for størst mogleg ombruk.

Ny skifer skal nyttast for å supplere eksisterande skifer der mengde, kvalitet eller tekniske forhold gjer dette nødvendig. Med ny skifer meinast ny skifer eller gjenbrukt skifer frå andre prosjekt.

Ved avslutning av kontrakten skal totalentreprenøren dokumentere omfanget av skifer som er ombrukt. Skifer som vert vurdert som ueigna for ombruk skal så langt som praktisk mogleg dokumenterast, med kort grunngjeving for kvifor materialet ikkje kunne nyttast.

4. Avfall og materialgjenvinning

Minimum 80 vektprosent av bygg- og riveavfallet frå prosjektet skal sorterast i reine avfallstypar.

Farleg avfall og reine naturlege massar skal ikkje inngå i berekningsgrunnlaget for sorteringsgraden.

Avfallet skal så langt som mogleg prioriterast etter følgjande rekkefølgje:

1. ombruk
2. materialgjenvinning
3. annan godkjend behandling.

Farleg avfall skal identifiserast, handterast, deklarerast og leverast til godkjent mottak i samsvar med miljøkartlegginga og gjeldande regelverk.

Dersom det under rivearbeida vert avdekt materiale som kan innehalde helse- eller miljøfarlege stoff og som ikkje er tilstrekkeleg kartlagt på førehand, skal arbeidet med det aktuelle materialet stansast til forholdet er avklart.

Ved avslutning skal totalentreprenøren leggje fram avfallsrapport, sluttrapport eller tilsvarande dokumentasjon som viser avfallsmengder, avfallstypar og oppnådd sorteringsgrad.

5. Trevirke

Trevirke som vert levert som ein permanent del av bygget skal kome frå lovleg og berekraftig skogbruk.

Kravet skal dokumenterast gjennom FSC-, PEFC-sertifisering eller annan tilsvarande dokumentasjon som viser berekraftig og lovleg opphav.

Dokumentasjonen skal kunne leggjast fram på førespurnad frå byggherren og inngå i sluttdokumentasjonen for prosjektet.

6. Transport og logistikk

Prosjektet ligg på Kinn, med avgrensa infrastruktur og transportmoglegheiter. Totalentreprenøren skal planleggje og samordne transporten slik at unødvendig transport av personell, materialar, utstyr og avfall vert redusert.

Transport- og logistikkplanlegginga skal mellom anna omfatte:

- samordning av materialleveransar
- planlegging av nødvendig mellomlagring
- samordning av transport mellom totalentreprenøren og underleverandørane
- utnytting av returtransport til avfall, utstyr eller materiell der dette er praktisk mogleg
- planlegging som reduserer behovet for unødvendige enkeltleveransar.

Det vert ikkje stilt krav om fossilfri byggeplass eller fossilfri transport.

7. Dokumentasjon og oppfølging

Totalentreprenøren skal på førespurnad kunne dokumentere oppfølginga av krava i dette vedlegget.

Som ein del av sluttdokumentasjonen skal det minimum leverast:

- dokumentasjon på ombruk av eksisterande skifer
- dokumentasjon på avfallsmengder og sorteringsgrad
- dokumentasjon på opphav for permanent trevirke
- kort oppsummering av gjennomførte tiltak knytte til transport og logistikk.

Manglande oppfylling eller dokumentasjon av klima- og miljøkrava vert handtert etter kontrakten sine ordinære reglar om avvik og kontraktsmislighald.